

Møtebok styremøte 10.02.2025 i Fjordvegen Riksveg 13 kl 10.00-12.00.Digitalt

Møtte: Marta Sofie Vange, Anita Husøy Riskedal, Olav Lindseth, Kristoffer Amdal, Roald Aga Haug, Ingvald Torblå(til 10.30), Marthe Hammer, Roy Egil Stadheim (10.30 - 12.00)

Sekretariatet: Ann Irene Myrheim, daglig leiar og Trude L. Rinaldo, konsulent

Sakshandsaming:

Sak 09/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak samrøystes:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik den ligg føre.

Sak 10/25 Godkjenning av protokoll frå styremøte 15.01.2025

Vedlegg: Mail med tilbakemelding på styrevedtak

Vedtak samrøystes:

Merknad til saka og protokollen frå Roald Aga Haug:

Til innkalling og sakliste: Sakshandsamingsprosedyrar Sak 03/25 Drøftingssak

“ Det føreligg i protokollen et 11 punktts vedtak. Dette vedtaket vart ikkje sett fram under handsaming av drøftingssak 03/25. Vedtaket er formulert i protokollen i ettertid.

Vedtak i styremøta må gjerast i høve forslag som er framsett og formulert i møtet.”

Sak 11/25 Meldingar

Brev frå Hardangerrådet iks iht KLP fordringar knytt til Hanne Sundbø

Vedtak:

Brevet er teke til vitande.

Sak 12/25 Fjordvegen Riksveg 13 framover

Svara frå regionråda er ganske like, men det er ein viktig forskjell mellom tilboda frå regionråda.

To av råda tilrår fast stilling, medan det eine tilrår engasjement på 3 år.

Viktig at regionråda svarar på samme bestilling. Hardangerrådet iks må få sjansen til å levera tilbod på fast stilling.

Vedtak samrøystes:

Fjordvegen Riksveg 13 vil tilsetja i fast stilling. Hardangerrådet iks får moglegheit for også å tilby dette. Dagleg leiar og styremedlem Roald Aga Haug tar ansvar for om Hardangerrådet iks også vil tilby fast stilling, med svarfrist 17.02.2025.

Utforming av stillingsannonsa er sendt ut.

Utlysingsteksten vert oppdatert med fast stilling og skal visa tydeleg at stillinga er 100%.

Ber om at oppdatert stillingsannonse vert sendt til styret for tilbakemelding innan mandag 17.02.2025.

Sak 13/25 Årsmøte 2025 i Stavanger

Vedtak samrøystes:

Årsmøtesaker vert vedteke slik dei ligg føre.

Sak 14/25 Fast Post

Sogn:

Vegen stengt ved Ylvisåker i mange dagar. Her rasar det ofte.

SVV har teke over ansvaret for Rv 13 mellom Vinje og Sogndal. Det skal koma sikringsnett ved Ylvisåker og dei førebur å laga møteplassar frå "Krossen" til ferjekaien på Vangsnes.

Hardanger:

Oppstart Byrkjeneset som planlagt. Arbeider fortsatt med å få prosjektet forlenga inn til sentrum, då vegen eit kort stykke ikkje ligg i planane.

Godt nøgde med Nye Veier, og det er god framdrift i regionen.

Ryfylke:

Rassikringsprosjektet i Rødsliane tek lenger tid med oppstart enn planlagt. Ferdigstilling i 2030.

Sak 15/25 Innmeldte saker/Ymse

Mail frå Nasjonal rassikringsgruppe med spørsmål om synfaring og miniseminar 25.-27.06.25

Tilbakemelding til Nasjonal rassikringsgruppe er at Anita Husøy Riskedal kan delta i Ryfylket.

Alle 4 ordførarane i Hardanger har sagt ja til å stille desse dagane.

Referat Ann Irene Myrheim